



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset, Formannskapssalen
Dato:	30.11.2023
Tid:	10:00 – 15:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leiar	AP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rune Kvernenes	Nestleiar	H
Ståle Sagvaag	Medlem	FRP
Bente Spissøy	Medlem	INP
Arne Zahl Røksund	Meldem	SV

Følgjande varamedlemer møtte

Namn	Møtte for	Representerer
Arvid Hafver	Ståle Sagvaag	FRP
Nina Helle	Arne Zahl Røksund	SV
Magnar Skålevik	Bente Spissøy	INP

Ingen av varamedlemmane til Rune Kvernenes kunne møta for han til dette møte.

Andre som møtte:

Else Holst - Larsen	Rekneskapsrevisor, Deloitte AS
Erlend Risvand Mo	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Ragnhild Ravna Skjærvik
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 21.09.2023	2022/68	
	Politiske saker		
PS 32/23	Rutinar gjeldande kontrollutvalet for perioden 2023-2027	2023/484	
PS 33/23	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet for valperioden 2019-2023	2023/484	
PS 34/23	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlø kommunale eigedomsselskap AS - revisjonsrapport	2022/339	
PS 35/23	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll 2024-2028 - Forslag til prosjektplan	2023/393	
PS 36/23	Deloitte AS presenterer interimrevisjonsrapport 2023	2023/487	
PS 37/23	Henvending - Klage på feilaktig teljepraksis i LNF-spreid	2023/496	
PS 38/23	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 39/23	Gjennomgang av møteprotokollar - 2023-2027	2023/483	
PS 40/23	Eventuelt	2023/482	
	Referat saker		
RS 6/23	Nytt frå FKT oktober 2023	2022/31	

Godkjenningssaker

GK 7/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 30.11.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 8/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 21.09.2023

Saksprotokoll 30.11.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møte 21.09.2023.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 21.09.2023 vart samrøystes godkjent.

Politiske saker

PS 32/23 Rutinar gjeldande kontrollutvalet for perioden 2023-2027

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek rutinar for kontrollutvalet til etterretning.
2. Kontrollutvalet er informert om og tek til etterretning reglar for teieplikt.
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
4. Kontrollutvalet sine faste medlemmar får abonnement på «Kontroll & revisjon» (Kommunerevisoren).
5. Kontrollutvalet vil prioritere at nokon frå utvalet deltek på ein eller fleire av konferansane for kontrollutval i 2024.
6. Kontrollutvalet vil prioritere at alle medlemmene deltek på folkevaldopplæring for kontrollutvala på Solstrand 2024.
7. Kontrollutvalet vedtar at kan melde seg på kontrollutvalgslederskolen del 2 på Gardermoen 05. – 06.02.2024.
8. Første møte i kontrollutvalet i Bømlo kommune i 2024 vertxx.xx.2024.

Saksprotokoll 30.11.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet gjekk gjennom rutinar gjeldande kontrollutvalet.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek rutinar for kontrollutvalet til etterretning.
2. Kontrollutvalet er informert om og tek til etterretning reglar for teieplikt.
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
4. Kontrollutvalet sine faste medlemmar får abonnement på «Kontroll & revisjon» (Kommunerevisoren).
5. Kontrollutvalet vil prioritere at nokon frå utvalet deltek på ein eller fleire av konferansane for kontrollutval i 2024.
6. Kontrollutvalet vil prioritere at alle medlemmene deltek på folkevaldopplæring for kontrollutvala på Solstrand 2024, og at 1. vara på varalista og skal få tilbod om å delta.
7. Kontrollutvalet vedtar at utvalsleiar kan melde seg på kontrollutvalgslederskolen del 2 på Gardermoen 05. – 06.02.2024.
8. Første møte i kontrollutvalet i Bømlo kommune i 2024 vert 01.02.2024.

PS 33/23 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet for valperioden 2019-2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet sluttar seg til evalueringa frå kontrollutvalet for valperioden 2019 - 2023.
2. Utvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med evalueringspunkta.

Saksprotokoll 30.11.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet for valperioden 2019-2023 vart gjennomgått.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet sluttar seg til evalueringa frå kontrollutvalet for valperioden 2019 - 2023.
2. Utvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med evalueringspunkta.

PS 34/23 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eideomsselskap AS - revisjonsrapport

Forslag til innstilling

Kommunestyret ber kommunedirektør om å:

1. Sørge for at det vert lagt fram ei årleg melding til kommunestyret om status og utvikling for kommunen sine eigarskap, til dømes om økonomi og viktige saker (del 2 i eigarskapsmeldinga).
2. Sørge for å definere kommunen sitt føremål med kvart enkelt eigarskap, og inkludere dette føremålet i eigarskapsmeldinga.
3. Sørge for at alt av mål, krav og forventningar til BKE vert samla i ein eigarskapsstrategi for selskapet, og forankre eigarskapsstrategien i generalforsamlinga til selskapet
4. Sørge for at det vert utarbeida retningsliner for valkomiteen sitt arbeid, som mellom anna inneheld krav om:
 - a) At nominasjonar blir gjort med utgangspunkt i krav til kompetanse, kjønnsbalanse og personlege eigenskapar, og
 - b) At valkomiteen utarbeider skriftlege grunngevingar for nominasjonane.
5. Sørge for at det blir utarbeidd ei oversikt over behovet for bustader for vanskelegstilte på bustadsmarknaden. Oversikta bør legge grunnlag for planstrategien for kommunen.
6. Sørge for at den økonomiske situasjonen i BKE vert følgt opp, og saman med selskapet vurdere moglege tiltak for å sikre tilstrekkeleg eigenkapital for framtidig drift

Kommunestyret ber Bømlo kommunale eideomsselskap AS om å:

1. Arbeide med å vidareutvikle og forbetre strategiplanen slik at
 - a) Dei overordna målsettingane er målbare og moglege å oppnå.
 - b) Tiltaka er konkrete og seier kva BKE skal gjere for å oppnå måla
 - c) Kolonnane for måling, frist og status er utfylt for alle tiltaka.
2. Sørge for at det vert utarbeidd ein vedlikehaldsstrategi
3. Sørge for at å få registrert selskapet i styreverregisteret til KS

Kommunestyret ber om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2024, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksettinga.

Saksprotokoll 30.11.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor presenterte blant anna formål, problemstillingar og funna i forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale egedomsselskap AS, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke

Innstilling

Kommunestyret ber kommunedirektør om å:

1. Sørgje for at det vert lagt fram ei årleg melding til kommunestyret om status og utvikling for kommunen sine eigarskap, til dømes om økonomi og viktige saker (del 2 i eigarskapsmeldinga).
2. Sørgje for å definere kommunen sitt føremål med kvart enkelt eigarskap, og inkludere dette føremålet i eigarskapsmeldinga.
3. Sørgje for at alt av mål, krav og forventningar til BKE vert samla i ein eigarskapsstrategi for selskapet, og forankre eigarskapsstrategien i generalforsamlinga til selskapet
4. Sørgje for at det vert utarbeida retningsliner for valkomiteen sitt arbeid, som mellom anna inneheld krav om:
 - a. At nominasjonar blir gjort med utgangspunkt i krav til kompetanse, kjønnsbalanse og personlege eigenskapar, og
 - b. At valkomiteen utarbeider skriftlege grunngjevingar for nominasjonane.
5. Sørgje for at det blir utarbeidd ei oversikt over behovet for bustader for vanskelegstilte på bustadsmarknaden. Oversikta bør legge grunnlag for planstrategien for kommunen.
6. Sørgje for at den økonomiske situasjonen i BKE vert følgt opp, og saman med selskapet vurdere moglege tiltak for å sikre tilstrekkeleg eigenkapital for framtidig drift

Kommunestyret ber Bømlo kommunale egedomsselskap AS om å:

1. Arbeide med å vidareutvikle og forbetre strategiplanen slik at
 - a. Dei overordna målsettingane er målbare og mogleg å oppnå.
 - b. Tiltaka er konkrete og seier kva BKE skal gjere for å oppnå måla
 - c. Kolonnane for måling , frist og status er utfylt for alle tiltaka.
2. Sørgje for at det vert utarbeid ein vedlikehaldsstrategi
3. Sørgje for at å få registrert selskapet i styrevervregisteret til KS

Kommunestyret ber og om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2024, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksettinga.

PS 35/23 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll 2024-2028 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Bømlo kommune, verksemda i kommunen sine selskap og av Bømlo kommune sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i mai 2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggast fram for kommunestyret i juni 2024.

Saksprotokoll 30.11.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor orienterte gjeldande gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderingar (ROV), og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Bømlo kommune, verksemda i kommunen sine selskap og av Bømlo kommune sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i mai 2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggast fram for kommunestyret i juni 2024.

PS 36/23 Deloitte AS presenterer interimisrevisjonsrapport 2023

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimisrevisjon 2023 frå Deloitte AS til orientering

Saksprotokoll 30.11.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor presenterte interimsrevisjonsrapport 2023 for kontrollutvalet, og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimsrevisjon 2023 frå Deloitte AS til orientering.

PS 37/23 Henvending - Klage på feilaktig teljepraksis i LNF-spreid

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om ei orientering frå kommunedirektør til første møte i KU i 2024.

Saksprotokoll 30.11.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet gjekk gjennom saka slik det kjem fram av saksframlegg og vedlegg til saka.

Vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om ei orientering frå kommunedirektør til møte i KU 01.02.2024.

PS 38/23 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 30.11.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet valde å utsetje saka til møte i KU 01.02.2024.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om ei orientering frå kommunedirektør i møte 01.02.2024, gjeldande den orienteringa som var tenkt gjennomført til dette møte, i tillegg til ny orientering om nye saker.

PS 39/23 Gjennomgang av møteprotokollar - 2023-2027

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	
Formannskapet	
Utval for levekår	
Utval for areal og samferdsel	

Saksprotokoll 30.11.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Grunna at det var tre varamedlemmar til dette møtet, vart saka utsett til møte 01.02.2024.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek å utsetje saka til møte 01.02.2024.

PS 40/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 30.11.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen saker til eventuetsaka.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Referatsaker

RS 6/23 Nytt frå FKT oktober 2023

Saksprotokoll 30.11.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.